

# I gamle fotefar



ØYER OG TRETTEN HISTORIELAG 1996



ØYER OG TRETEN  
HISTORIELAG

# I gamle fotefar

Redaksjon:

Ola T. Rybakken

Johan Kraabøl

Lars Holmen

Marit Rusten Fintoft



ØYER OG TRETEN HISTORIELAG

1996

Dale-Gudbrands Trykkeri a.s, Tretten.  
ISBN 82-7275-096-1

# *Innhold*

Noen ord fyrst .....	5
<b>UNDERVISNING</b> .....	7
Ola T. Rybakken: Øiers folkeskole i 1890-åra .....	7
Ola T. Rybakken: Arbeidsskolen for jenter 1938–1941 .....	17
<b>ARBEIDSLIV</b> .....	19
Reidar Johannessen: Vegbygging i Sørbygda for 50 år siden .....	19
Johan Kraabøl: Øyer Torvfabrikk .....	21
Brit Ida Berg Hansen: Den første traktoren på Hauga .....	26
<b>BARNDOM MINNES</b> .....	29
Anita Smestad: Fra Øyer prestegård i 1930-åra .....	29
Brit Ida Berg Hansen: Om skoleveien fra Hauga .....	36
Marit Rusten Fintoft: En tur med «skuletoget» og andre minner ...	39
<b>OPPVEKST I ETTERKRIGSTIDA</b> .....	41
Marit Rusten Fintoft: «Tidt eg minnest ein gamal gard ...» .....	41
Arne Finborud: Ein utkant i utkanten .....	49
Liv Halstenstad: Dulven skole – en fin vokse plass .....	56
<b>EMNER AV ULIKT INNHOLD</b> .....	66
Cato Belsvik: Fra arbeiderbevegelsen i Øyer og Tretten .....	66
Ola T. Rybakken: Glotten i Baklia og folket som budde der .....	73
Ola T. Rybakken: «Og så ein liten kaffetår» .....	77
Ola T. Rybakken: Verdsleg bruk av korsteiknet før i tida .....	80
Boksal .....	83

*Forsidebildet:*

*Gardsplassen på Flatstulen. Her var det skule for Baklia fram til år 1900 da Vestlund skule var ferdig. Skulen heldt til i andre høgda i den store bygningen.*

*Småjenta i grindsleet heiter Berit Hallberg, og det er faren, Åge Hallberg, Oslo, som tok bildet i 1952. Familien leigde feriehus i Flatstulen i fleire år. Bildet er utlånt av Palma Flatstulen.*

## *Noen ord fyrst ...*

Enda ein gong har det lykkast å samle nok stoff til eit årshefte – det niande i rekkja. Det er eit stort spørsmål kvar gong: får vi til eit hefte i år også? Og det gjorde vi – her er resultatet.

Stoffet i år er av ulikt slag. Ein nokså stor del av det er frå tida etter siste krig, ei tid som var nokså mye annleis enn ho er nå på tampen av hundreåret. Derfor er ho vel verdt å ta vare på. Men det er sjølvsagt mye meir å fortelja frå desse fyrste 15–20 åra etter frigjeringa. Vi håper alle kan finne noe av interesse.

Hjerteleg takk til alle som har gitt bidrag – enten det er tekster eller bilder.

Så har vi alt nå begynt å tenke på neste årshefte. Litt stoff har vi liggjande over, men du er stadig velkomen med bidrag. Er du lite lysten på å skrive sjølv, så kan du snakke med ein i redaksjonen. Da kan du *fortelja*, og så kan vi skrive.

*Helsing frå oss i redaksjonen*





# Undervisning

*Ola T. Rybakken:*

## *Øiers folkeskole i 1890-åra*

*I årsheftet for 1994 stod det ein fyldig artikkel om Øyer lærarlag si historie. Laget kunne det året feire 100-årsjubileum. I same heftet stod det og ei stor omtale av Johannes Arnesen – den kjende skulepioneren frå Øyer.*

*I denne artikkelen er det også ein del om lærarane i Øyer for eitt hundre år sia, men etter som mye av stoffet byggjer på skulestyremeldingar frå den tida, handlar det også om skulane generelt. I tiåret 1891–1900 var soknepresten, Ola Ulsten, formann i skulestyret i seks år, Ole T. Gillebo hadde ombodet i to år og Chr. O. Mageli dei to siste.*

### **Da hadde omgangsskolen tent ut –**

I 1861 reiste ein amerikansk teiknar og forfattar, J. Ross Browne, opp gjennom Gudbrandsdalen. I ei bok han skreiv – som på norsk heitte «Med hest og karjol» – fortel han levande frå turen. Der kjem han også inn på skulestellet her i landet, der det millom anna heiter: «Opplysningen har de senere år gjort store fremskritt i Norge, takket være det utmerkete skolevesen i hele landet. - - - Den oppvoksende generasjon vil ikke på noen måte bli akterutseilt når det gjelder boklig lærdom og åndelig utrustning.» Det var rosande ord frå ein utlending. Den norske almueskolen hadde til da berre vore omgangsskule på landsbygda.

Etter skulelova av 1860 skulle kvar grend med minst 30 barn i skulepliktig alder ha eigen fast skule. Tida med omgangsskule var over, men overgangen

var ikkje så enkel for dei som hadde ansvar for skulestellet. I 1896 skreiv skulestyret at «Skolelovens Gjennomførelse har havt sine Vanskeligheder. De forøgede udgifter under før trykkede Forhold har skabt Betænkigheder, og Bygdens vidstrakte Beliggenhed, med tildels besværlig Skolevei, har vanskeliggjort en Inndeling i større Kredse med fullstendig Klassedeling.»

Men skulestyret var glad for at herredsstyret alltid «med Beredvillighed har bevilget hvad Skolestyret har fundet Grund til at kræve.» Det kan nemnast at det i 10-årsbolken vart brukt over 25.000 kr til nye skulehus. Om det var mange pengar den tida? Årleg utlegg til administrasjon i skulestyret var 15 kr året – 150 kr på ti år.

### **Store skulekrinsar, små skulehus**

I 1890-åra var det mange, men små skulehus i Øyer – 12 i alt. Øyer og Tretten had-

de seks skular kvar. Litt om den einskilde skule kjem her:

Sørbygda hadde to skular. Den eine var Birkelund som låg der vi i dag har målområdet til Hafjell. Det var skulehus i 1. etasje, med 1 klasserom som hadde plass til 35 elevar. Og det var lærarbustad i same huset med 2 rom, kjøkken og kvistrom. (Lisbet Kaldor kjøpte seinare huset, og det vart til Toftebu som ligg like sør for garden Kaldhol.)

Den andre skulen i Sørbygda var på Ilhaugen. Frå 1891 var det berre småskule der, og han heldt til i eit hus som hørde garden til.

Lisgrenda hadde skule på Jutulstad. Her også var det småskule i hus som hørde garden til.

Midtbygda hadde skulen sin i Klokkargarden. Han heldt til i den bygningen som framleis står der, og i den var det både klasserom og lærarbustad. Klasseromma var mørke og for små sett i forhold til elevtalet i krinsen. Til skulen hørte også lærarjord.


For Nordbygda var skulen i Bekken. Skulehuset hadde frå fyrst av berre ein etasje. Ved ombygging i 1896 fekk det to etasjer med plass til sløyd og småskule. Det fekk også større lærarbustad. Huset stod til for 10–15 år sidan, da det vart rivi for vegutviding.

Baklia hadde skule på Flatstulen. Han heldt til i 2. etasje i søre bygningen på garden. Baklia var den lengste skulekrinsen i Øyer – heilt frå Svarverud og nordover til Rognstad. Flatstulen låg så omlag midt i



*Ilhaugen skole.*

*I «Bygdabok for Øyer» b. 4 står det slik: «Ved det leitet det laut bli slutt med omgangsskula, sette «skoleholderen» i Sørbygda, Even Berg, opp ein stugubygning med ei gild skulstugu ti på Ilhauga, eit bruk han hadde kjøft i 1857. Der hadde Sørbygda skulen sin til 1891 og småskule mye lenger.»*



*Øyer klokkergard i 1894.*



*Klassebilde frå Bekken skule ved hundreårsskiftet.*

*Lærer Ole Hovde sit lengst til venstre. Lærarinna som står til høgre for han, har det ikkje lukkast å finne namn på. Jenta med prikkete kjole lengst til høgre er Janna Bjørnstadjordet. Til høgre for henne Ragnvald Solheim og bak han Olav Solheim.*

krinsen. År 1900 fekk krinsen eigen skule, Vestlund, bygt på tomt som var kjøpt av Smerud.

Sør-Tretten hadde skule på tomt komme unna Solbjørg, der det også vart klokkargard. Her var det skulehus av same slag som på Birkelund i Øyer.

På Tande var det småskule i hus som høyrde garden til. I 1898 fekk krinsen bygd ny skule på tomt unna Tårstad. Det var ein bygning i ein etasje. Han hadde eitt klasserom med plass til 35 elevar og lærarbustad – som på Birkelund. Nyskulen fekk namnet Torsheim – truleg etter namnet på den garden han var komen frå.

Nord-Tretten fekk i 1880-åra skulehus i Engelund. Det var ein bygning i ein etasje med klasserom, kjøken og kammers. Men etter barnetalet i krinsen var skulen for liten. Nytt skulehus vart bygd i år 1900. Det hadde to etasjer med to klasserom og sløydsal. Og det hadde lærarbustad med to rom og kjøken. I andre høgda fekk lærarinna husvære.

Nord-med-lia fekk skule i Vik i 1874. På småbruket var det ein to-etasjes bygning som vart brukt til skulehus. Det vart eitt klasserom, sløydløkal og lærarbustad. Bygningen står ennå.

I Musdal var det to skulekrinsar fram til 1898. Dulven vart skulestad for Musdal alt i 1862 – berre to år etter at den nye skulelova kom, som kravde fast skule. Dette var eit småbruk, og det var den første grenda på Tretten som hadde skulegard.

I Musdalsbaklia var det småskule i Holsteinstad fram til 1898 da det vart bygd nytt skulehus på Dulven – det huset som framleis står der. Det fekk 2 klasserom av

same slag som på Engelund. Da den nye skulen var ferdig, vart dei to skulekrinsane slått saman.

## Lærarane

«Sognets skolemester er en meget viktig person i disse landsens distrikter,» skreiv Browne – som er sitert ovanfor. «Det er han som underviser den oppvoksende slekt og får de unge sinn til å spire og avlokke universet dets hemmeligheter. Han blir høyaktet av de enfoldige gamle bonde-menn, skattet og respektert av familiemødre, høvelig beundret og etterstrebt av de unge piker – og fryktet av guttunger i nabolaget. Han ytrer seg på ukjente tunge-mål, han fordyper seg i dunkle vitenskaper, og hans åsyn er preget av tyngende lærdom. - - - Ennvidere underviser han i lesning, skrivning og regning, og lar sin kjepp danse på de ungdommelige sete for forstanden.»


Alle lærarane som var fast tilsette ved Øyerskulane på slutten av 1800-talet, hadde utdanninga si frå seminar eller lærarskule. Dette går fram i presentasjonen av lærarane som kjem her:

Jan Nikolai Arnesen var født i Øyer i 1849. Far hans var Johannes Arnesen som er nemnt i innleiinga. Jan tok eksamen ved Hamar Seminar i 1869 og vart same året tilset som lærar i Øyer. Han tok over som kyrkjesongar i Øyer etter faren frå nyttår 1891. Han døydde i 1904 – 55 år gammal.

Erland P. Fossberg var frå Lom, født i 1852. Han også hadde utdanninga si frå Hamar Seminar og tok eksamen der i 1872. To år seinare vart han tilset ved Klokkargarden på Tretten og vart da også kyrkjesongar i Tretten kyrkje. Desse stil-lingane hadde han til han døydde i 1920.




*Jan Nikolai Arnesen.*



*Gudbrand K. Nordtorp.*

Gudbrand K. Nordtorp var født i Øystre Slidre i 1851. Frå han var 20 år hadde han vore lærar i Valdres. Læruddanninga si fekk han på Lands Lærerskole. Etter eksamen der i 1877, fekk han den ledige lærarposten «ved Musdals tvende Skolekredse i Trøtten» – som det stod i stillingsannonsen – eit arbeid som kom til å vare i 44 år. Han gjekk av med pensjon i 1921 og døydde ti år seinare.



*Erland P. Fossberg  
og kona Jørgine.*

Ole A. Hovde var født på Søre Hovde i Musdal i året 1857. Også han fekk utdanninga si på Hamar Seminar med eksamen i 1880. Han vart lærar i over 40 år – det meste av tida ved Bekken skule. Attåt var han gardbrukar på farsgarden i Musdal. Hovde døydde i 1951, 94 år gammal. Han fekk eit vakkert ettermæle: «– sogemann og folkelærar for heile Øyer» – skreiv Tor Ile om han – «Hovde er den tå sambygdingom mine som har ytt mest åt bygdaboken.»

Laurits L. Skjelkvale var født i Skjåk i 1861. Han også hadde utdanninga si frå Hamar Seminar; han gjekk ut derifrå i 1884. Året etter vart han tilset som lærar ved Birkelund skule i Sørbygda. Han kjøpte småbruket Myromsstugua og skapte seg ein vakker heim der. Bruket ligg like sør for målområdet i Hafjell. Han døydde i 1948.

Johannes O. Hjelmstad var født på Hjelmstad i Tretten i året 1853. Som 22-åring tok

han eksamen ved seminaret på Hamar. Etter å ha vore lærar utanbygds i mange år, vart han fast tilset i heimbygda frå 1887. Han var lærar ved fleire skular i kommunen. Han overtok farsgarden Hjelmstad, men selde han til syster si og mannen hennes. I staden tok han att det vesle bruket Steinsåker som han sette i stand. Han virka da også som jordbrukar ved sida av lærargjeringa – ein nokså vanleg kombinasjon den gongen. Han slutta som lærar i 1922 og døydde i 1940.



*Lærar Laurits Skjelkvale og kona, Anna, f. Ile.  
Da bildet var tatt var Skjelkvale truleg  
70–75 år gammal.*



*Johannes O. Hjelmstad.*



*Kristian J. Bjørnstad.*

Kristian J. Bjørnstad, var født i 1867 i nere Bjørnstad på Tretten. Han – som så mange andre – gikk på Hamar Seminar der han tok eksamen i 1889. Året etter vart han fast tilset i kommunen. Frå 1905 til 1928 var han lærar ved Klokkargarden skule i Øyer og kyrkjesongar ved hovudkyrkja.

Martin Haugen var født i 1869. Tjuge år gammal tok han eksamen ved Klæbo Seminar og vart fast tilset som lærar i Øyer frå 1894, og han vart her til sommaren 1900.

Anne Aas var født i 1875 og tok eksamen ved Elverum Seminar i 1895. Same året vart ho tilset som «lærerinde» – som det heitte da – ved Flatstulen skule i Baklia.

Gunda Enge var frå Enge på Nord-Tretten der ho var født i 1864. Ho hadde «Høiere Lærerinde-examen» frå Kristiania i 1887 og tok til i folkeskulen fire år seinare. I 1894 kom ho attende til heimbygda og fekk fast lærarstilling.

I tillegg til desse fast tilsette som alt er nemnt, var fleire lærarar innom skulane i Øyer og Tretten i åra 1890–1900. Noen for eit år eller to, men dei fleste berre for stuttare tid som vikarar. Her nemnt berre med namn: Alvhilde Owren, M. Ødegaarden, Inga Hovden, Johan Vedum, Emil Berge, Johan Vulff, Anna Haave, Johs. Arnesen, Marit Tagestad, Ingeborg Elstad, Martin Bernhoft og Johannes Nordli.

### **Lærarløn og godtgjersle**

Den tida – som i dag – var det ulik løn for ulikt arbeid og ansiennitet. I femårsmeldinga 1891–1895 går det fram at utanom løna hadde fem av lærarane «fri Bolig og Lærerjord». Millom desse var kyrkjesongarane Arnesen og Fossberg som saman med Skjelkvale og Hovde hadde ei årsløn på kr 673. I tillegg hadde Arnesen 140 kr og Fossberg 100 kr i året for klokkararbeidet. Lærar Nordtorp hadde høgaste årsløna – 724 kr attåt fri bustad og «lærerjord». Andre årsløner varierte frå 374 kr til 639 kr. Berre ein av desse hadde fri lærarbustad med jord. Dei andre eigde eller leigde bustad og fekk derfor ei godtgjering som var kalla «Afsavns godtgjørelse». Ho var frå 40 til 50 kr i året.

I den andre femårsmeldinga – frå 1869 til 1900 – kan ein sjå at dei eldste lærarane da hadde ei samla årsløn på kr 725 – utrekna etter ei vekeløn på kr 17,50 og eit alderstillegg på 200 kr og fritt hus. Tillegget for dei to kyrkjesongarane var da komme opp i 250 kr i året, og nå like mye for båe.

## Oier Herredskjøre

a'holbt Møde den 19. August. Fe-  
gende behandledes:

— Forslag fra Skolestyret om ud-  
videlse af Skoletiden med 30 Timer  
aarlig i Vestlund, Bilk og Thorsheim,  
idet Haandgjerning var besluttet indført  
ved samtlige Bygdens Folkeskoler. Be-  
sluttedes tilbageendt Skolestyret med  
Anmodning om nærmere Forklaring  
om Grunden for den foreslaaede Ud-  
videlse.

— Lønnen til Lærerinderne for  
Haandgjerningsundervisningen fastsattes  
til Kr. 18.00 pr. Uge a 36 Timer.

— Indstilledes til Præmie og Præ-  
mieaan.

*Som ein kan sjå, var timeløna til handarbeids-  
lærarinner da kome opp i 50 øre – 18 kr for  
veka (36 timar).*

### Likestilling

Av dei 12 lærarane var 10 fast tilsette – og  
to av dei var kvinner – lærarinner. Alle  
hadde fri bustad, berre ikkje lærarinnene.  
Den eldste lærarinna hadde da ei vekeløn  
på 14 kr – kr 3,50 mindre enn lærarane. Ho  
hadde derimot lengste undervisningstida i  
året av alle – 36 veker. Dei andre hadde  
berre 25 til 30 veker. I samla årsløn hadde  
ho 564 kr – medrekna eit alderstillegg på  
60 kr. Samanlikna med lærarane på same  
alder, måtte lærarinna arbeide 6 veker  
lenger i året. Likevel hadde læraren 160 kr  
meir i årsløn og fri bustad. Det skulle gå  
bortimot 100 år før likestillingslova var på  
plass.

### Om skuletid, elevtal, fråver, flid og åtferd

I tida frå 1891 til 1895 vart det undervist i  
12 veker i året i 22 klasser slik kravet var


etter skulelova. Dei andre fire klassene –  
som var småskuleklasser – hadde berre 10  
veker. I den andre femårsbolken heiter det  
i skulestyremeldinga at undervisningstida  
for storskulen er auka til 15 veker, «og  
maa derfor siges at være tilfredstillende».  
For småskulen var det ikkje på langt nær  
så bra – «da disse kun har en Klasse, og  
denne paa grund af Kredsens lange  
Afstand fra hverandre der hører til samme  
Skolepost, maa møde hver dag den ene  
uge, og ingen Undervisning faa den næste.»  
Etter skulelova frå 1896 skulle folke-  
skulen på landet ha denne ordninga: Avd.  
1: for 7-, 8- og 9-åringar – småskulen: 12  
veker a 30 timar. Avd. 2: 10–13-åringar –  
storskulen: 12 veker a 36 timar.

Høgaste elevtalet var i 1893 med 644, og  
det lågaste var tre år seinare med 571 ele-  
var. Dette hadde med inn- og utflytting av  
anleggsfolk under jernbanebygginga å gje-  
ra. Somme hadde kone og barn med. Var  
borna i skulepliktig alder, skulle dei som  
andre ta del i skulearbeidet. Det vart nok så  
som så med det, ser det ut til - -.

Om skulefråveret heiter det: «Den stær-  
ke Stigning af Forsømmelser fra 1892  
skyldes for en væsentlig Del Jernbanear-  
beidet, i det ikke saa faa Jernbanearbeide-  
res Børn er optaget som Elever, men kun  
daarlig har søkt Skolen, ligesom Arbeidet i  
det hele har virket forstyrrende paa Skole-  
søgningen.» Skulefråveret for heile 10-års-  
perioden var 7,8 %, men berre 4,3 % med  
gyldig grunn. For året 1893 var gyldig frå-  
ver 10,6 % og ugyldig 5 %, og tre år seinare  
var tala 6,7 og 3,4 % . Rundt rekna halv-  
parten av fråveret var ugyldig.

I ei melding heiter det at «Skolesøgnin-  
gen i de fleste Kredse har været jevnt god,  
i enkelte endog udmerket. Det samme kan  
siges om Disiplinen, ligesom der som  
Regel ikke er nogen Grund til at klage over  
Flid og Opmerksomhed.» Meldinga sluttar





Afgangsvitnesbyrd frå 1902,  
underskrive av Anne Aas.  
8 års skulegang = 87 veker.

I snitt var skuleåret på snautt 11 veker.

slik: «Legemlig Refselse har ikke været anvendt. Bøder ikke ilagt.»

### Skulefag og lærebøker

Det viktigaste skulefaget var kristendoms-kunnskap – sjølv grunnmuren – det som heile skulen var tufta på. Slik har det vore heilt opp til vår tid. Lesing, skrivning – ja, song også – var frå fyrst av rekna som viktige «hjelpfag» til kristendomsfaget.

I undervisningsplana for folkeskulen i 1890-åra, ser ein at kristendomsfaget framleis var det viktigaste – med 7–8 timar i veka i alle klasser. Omlag 23 % av heile undervisningstida gjekk med til kristendoms-kunnskap. Lærebøkene var Luthers lille Katekismus, Klavens' Forklaring og Vogts Bibelhistorie.

Norskfaget var like stort med 8 timar i veka i småskulen og 7 timar for dei eldste klassene. Her var Nordahl Rolfsens Læse-bog for Folkeskolen den viktigaste læreboka.

Regning var det tredje største faget. Nicolaisens Regnebog var lekseboka, og det vart undervist 5 timar i veka i småskulen og 6 timar i dei andre klassene.

Skriving var eige fag, sjølv om det må sjåast på som ein viktig del av norskfaget. Det vart brukt mye tid på skrivning. I småskulen 5 timar i veka, men litt mindre i klassene over. Ein kan seia at faget hadde to mål: å lære å skrive pent – skjønnskrift – var like viktig som å skrive rett. Læreboka som vart brukt, hadde forskrift – engelsk skriveskrift – trykt øverst på kvar side. Resten av sida hadde hjelpelinjer der eleven skulle skrive oppatt etter forteksta. Skrift-læreboka var «Forskrifter» av Heinke og Danielsen.

I samanheng med skrivefaget – skjønnskrift og rettskriving – kan det vera naturleg å ta med litt om skriftspråket elevane måtte lære i den tida. «Rigsmaalet» var det einerådande skriftspråket gjennom det meste av det nittande hundreåret. Mange kjende menn gjekk inn for at landet skulle få eit meir norsk skriftspråk, eit skriftspråk som låg nærare det norske talemålet. Men det vart mye strid.

Meiningane var mange. Enkelte ville ikkje ha endringar i det heile. Andre ville berre «pusse på» riksmålet. Ivar Aasen

gjekk lenger. Han bygde sitt «landsmål» på det norske folkemålet – dialektene. Og i 1885 – under Sverdrup si regjeringstid – vart landsmålet sidestilt med riksmålet. Men gammel vane er vond å vende – landsmålet fekk aldri skikkeleg innpass i store delar av landet. I Øyer skulle det enda gå over tretti år før det var plass for undervisning i nynorsk – ein time eller så i veka for dei eldste klassene.

Enkelte av lærarane i Øyer i 1890-åra var «målmenn». Dei brukte landsmålet privat, men i skularbeidet måtte dei lære elevene «at skrive Rigsmaal».

Mye har endra seg i dei hundre åra som er gått – også skriftspråket. Det gjeld både riksmålet og landsmålet – eller bokmål og nynorsk som det vart heitande i 1929. Eit sitat frå skulemeldinga ved hundreårsskiftet syner det: «Skolens lære- og læsebøger, ligesom elevenes skriftlige arbeider er paa det almindelige bogmaal. Dog benytter lærerne sig ved den muntlige undervisning ikke i liden udstrækning af det almindelige bygdemaal.»

I historie var det gitt undervisning 3 timar i veka i alle klasser. I «jordbeskrivelse» (geografi) og naturkunnskap noe mindre. Lærebøker i historie var «Norges Historie» av S. Petersen og «Verdenshistorie» av G. Storm; og i geografi: Horns «Geografi for Folkeskolen». I naturkunnskap og sunnhetlære heitte læreboka Reuschs No.2.

I song, teikning og gymnastikk var det ingen undervisning i småskulen, og i dei andre klassene fekk dei tre faga berre eit par timar på deling.

### Undervisningsmateriell

Alle skulane hadde det «nødtørftige Minimum» av materiell, heiter det i den første 5-årsmeldinga. I tillegg var det kjøpt inn til alle skulane eitt sett bibelske bilder, Dyb-

dals zoologiske bilder og melodier til songar i Nordahl Rolfsens lesebok, 1 og 2. Like eins to sett anatomiske plansjer, eitt sett fysikk-apparat og eitt sett sløydverktøy.

Skal tru om det framleis finst att eitt eller anna av dette gamle undervisningsmateriellet frå dei gamle skulane? I så fall må det få ein verdig plass i dagens moderne skule som synlege minne om skulen som var - - -

Kjelder:

Beretning for Øier Folkeskole for fem-aaret 1891–95 og for femaaret 1896–1900.

Tor Ile: Bygdebok for Øyer, band 4, Skulestellet.

Knut Ingar Hansen: Skolehistorisk oversikt.



*Situasjon frå «den gamle skole». Men frå Øyer-skulen meldes det i 1895: «Legemlig refselse har ikke været anvendt. Bøder ikke ilagt.»*

Ola T. Rybakken:

## Arbeidsskulen for jenter 1938–1941

I det fyrste heftet av «I gamle fotefar» (1988) hadde vi ein artikkel om Øyer arbeidsskule for gutar, «Snickerskulen» som han vart kalla til dagleg. Skulen kom i gang hausten 1934 og heldt fram kvar vinter heilt til krigsvåren 1940. Da vart det brått slutt, og skulen kom ikkje i gang att seinare. Eit tilsvarende arbeidsskule-tilbod for jenter kom fyrst i gang hausten 1938 under namnet Husstellskulen for jenter. Men skulen fekk ikkje noe langt liv – berre 3–4 år. I 1941 vart det slutt – truleg hadde det samanheng med matrasjioneringa.



Fra v. bak: Olaug Sletten, Inger Haug, Agnes Frydenlund, Kirsten Moe, Berit Toft Eriksen, Ragnhild Granskogen, Martha Bleka, Solveig Pålsrud, Mari Fossum, Else Nygård.

Foran fra v.: Ingrid Vikmoen, Sissel Lybek, Ågot Hagen, husstell-lærerinne Åsta Mo Chille, Rønnaug Solberg.

1940-kullet på Tretten heldt på til krigen sette stopp. Lærarinna gret da tyske fly dundra over Aurvoll-skulen, fortel elevane.

Bildet er utlånt av Mari Brubakken. Foto: Alf Formo.

I eit skulestyremøte på Tretten i juni 1938 hadde ei nemnd lagt fram forslag til plan og budsjett for husstellskulen. Forslaget var underteikna av S. Bjørnstad, Emilie Ile og G. Tørrissen.

I plana heiter det at føremålet med skulen er å gje jenter over 15 år opplæring i husstell. Det skal leggjast serleg vekt på «utnyttelsen av bygdens egne produkter, tillavet som almindelig god, kraftig, billig og riktig sammensatt hverdagskost. Like- som der må søkes skapt interesse for et økonomisk og renslig matstell og husstell.»

Skulen skulle halde eit kurs på 12 veker i kvart sokn kvart år. På kurset kunne det vera med 12–16 elevar som var ferdige med folkeskulen. Det var skulestart i oktober med undervisning 7 timar kvar dag, frå kl. 8.30. Laurdag var det 5 timar – fram til kl. 14.00.

Det heiter også i skuleplana at – «Elevene får havresuppe eller melk til sin medbragte formiddagsmat, og dessuten den middag som laves til, og hvortil varene anskaffes for kommunens regning. Husstellskolen for jenter går inn som ledd i Øyer folkeskole, og ledes av skulestyret. Styret velger et tilsyn for husstellskolen på 4 medlemmer, to fra hvert sogn. Av medlemmene skal minst to være kvinner.»

Budsjettforslaget som vart lagt fram, såg slik ut:

Lærerinnens lønn,	
24 uker a kr 60,—	kr 1.440,—
Reguleringstillegg	" 240,—
Undervisningsmidler	" 1.000,—
Lys, ved og reinhold	" 500,—
Matvarer	" 750,—
<hr/>	
Brutto	kr 3.930,—
÷ stat- og fylkestilskudd	" 2.075,—
<hr/>	
på kommunen	kr 1.855,—

Da beløpet ikkje var ført opp på budsjettet for 1938–39, måtte det forskotterast av det som var ført opp for tilfeldige utgifter i skuleåret 1939–40.

Forslaget frå nemnda vart einstemmig vedtatt av skulestyret. Som styre for husstellskulen vart valt Sigurd Bjørnstad, Agnes Glømmen, Emilie Ile og Johan Wedum. Det vart vedteke at skulen skulle setjast i gang frå hausten 1938, under føresetnad av at det melde seg mange nok elevar. Undervisningsplana omfatta m.a. matlære, husstell, kostlære, kjemi, samfunns- lære og hushaldsrekneskap.

# Arbeidsliv

Reidar Johannessen:

## Vegbygging i Sørbygda for 50 år siden

*Vinteren 1946 ble det satt i gang bygging av fylkesvegen oppover fra Bruvoll sag – som dengang lå ved Hunder – og til Hunder gard. Det var da mange arbeidsledige – artikkelforfatteren var en av dem – og det ble satt i gang vegbygging for å bøte på ledigheten.*

På denne strekningen var tre arbeidslag i sving. Hvert lag bestod av fem til sju mann. Først måtte skogen fjernes fra vegtraséen. Dette var det skogeieren selv som stod for. Deretter måtte all snøen måkes vekk, og det var mye arbeid. Kvist og brask ble for det meste brent opp. Utstyret vi hadde til rådighet, var svært enkelt sammenliknet med det som brukes ved vegbygging i dag.

Til å begynne med stod vi nærmest på bar bakke, men mitt arbeidslag fikk i matpausene komme inn hos Borghild og Osvald Løken. Seinere fikk vi vår egen 8-manns-brakke som bestod av lemmer som ble satt sammen på anleggsområdet. Redskapsbrakken ble bygd opp på stedet, like så veslehuset med hjerte i døra. Sprengstoffet ble lagret i spesielle stålkasser. Alt som skulle til, måtte bæres på plass, så det ble mange tunge løft. Vi kom så i gang, og sjøelve vegplaneringen kunne ta til. Først måtte stubbene vekk, og det var ikke så enkelt. Det var tildels store røtter. Her måtte krefter til, og da var Alfred Nobels produkter til god hjelp.

De andre på mitt lag, var Lars Riseng som var arbeidsformann, Erling og Johan Buenget, Sverre og Kåre Olsen og Ingebret Berge. Sverre var sjøelve munstrasjonsrådet. Han hadde alltid ei god historie på lager. Hadde han ingen, så laget han en. Det var ikke bare historiene i seg sjøl som var gode, men like mye hans måte å fortelle dem på. Det var i det hele tatt en humoristisk, frisk tone mellom oss arbeidskamerater, og det betyr mye for trivselen. Her er et par eksempler:

Kåre – som var bror til Sverre – skulle en gang gå og fyre opp i ovnen. Men han hadde glømt kniven sin, og så ropte han til Sverre på 7–8 meters avstand: Få låne kniven din, Sverre! Sverre slengte kniven i retning Kåre; han greip den elegant i luften rundt skaftet og fortsatte inn i brakka. Jeg kan legge til: det var en skarp kniv.

Erling skulle en gang på butikken, Hunder landhandleri. Lars spurte om han ville kjøpe skosverte til seg. Han svarte ja til det og gikk ut. Men litt etter stakk han hodet inn av døra igjen og spurte: Skulle ho vera svart, den sverta?



*Fra vegarbeidet.*

*Fra venstre: Reidar Johannessen, Erling Buenget, Ingebrikt Berge, Lars Riseng.*

Når stubbene skulle sprenges, ble det slått hull under dem og lagt inn sprengstoff. Det var da brukt lunte som vi tente med fyrstikker. Når alt var klart, ropte skytebasen: «Varsko her! Fyr her!» De andre på laget måtte da fortst mulig komme seg i sikkerhet bak en stein eller noe annet trygt. Det var vanskelig å beregne, men det gikk heldigvis bra. Det var som å se noen storfugler som flaksa avsted.

Vi hadde ikke noen kompressor til å bore berget med. Boringa foregikk med håndmakt – med minebor og feisel. En mann slo, mens en annen satt og snudde boret. Det var ikke lov å bomme! For at boret skulle være kvast, måtte det en smed til. Johannes Langvik hadde den jobben. Han var smed for flere lag. Jeg kan huske jeg var med og trakka essa da han smidde. Johannes var en artig kar, og når det glødde godt i jernet og han fikk bitt av ei skrå, da klang det godt i ambolten.

Planeringsarbeidet foregikk med hakke,

spade, spett, slegge og fyllhammer. Trillebåre ble brukt til å frakte massen med. Det kunne være 70–80 meter unnabakke med steinfylling, da gikk det hardt utover skohælene. Trillebåra hadde ikke gummihjul dengang. Hjulet var av jern, og da måtte en bruke trilleplank. Det bruktes også jernskinner, så her fikk en prøvd seg, men kondisjonen var god dengang.

Arbeidet foregikk på akkordbasis, og hver enkelt måtte gjøre sitt beste for at resultatet skulle bli så godt som mulig. Husker jeg ikke feil, så ble timebetalingen på ca 2 kr, og det var regnet som en brukbar fortjeneste. Hvis akkorden lå an til for høy timebetaling, kunne en risikere å bli trekt, eller få for dårlig akkord neste gang. Det var mange tunge tak, men det var gledesstunder inne i mellom også. Jeg kan ikke huske navnene på alle de som var med i de to andre lagene, men arbeidsformenn for dem var Johannes Sveen og Rikard Berge.

Johan Kraabøl:

## Øyer Torvfabrikk

*Et kommunalt tiltak under første verdenskrigen*

*«Eld han tarv  
som inn er komen  
og er kald um kne —»*

*Slik står det i «Håvamål», som er et edda-kvad fra 900-tallet.*

*Dette var sannheter folk her i bygda hadde erfart lenge før Håvamål ble til. Spørsmålet var nå hvordan bygda best kunne skaffes god og rimelig varme. I 1916 ville Øyer herredsstyre prøve noe uvanlig. Derfor fikk vi brenntorvfabrikken på Steinsetra.*



*Lørdag og lønning.*

*Johan Hov med pengeveska i prat med Gröttnan, maskinisten.*

*Det var 10 timers arbeidsdag. Daglønna var kr. 14,75 for voksne og kr. 10,50 for yngre. Arbeidet var forholdsvis godt betalt og derfor ettertraktet.*

## Ottsamt

Sjøl om landet vårt ikke var trukket inn i åpne krigshandlinger på den tida, var det andre vanskeligheter som tårna seg opp – bl.a. som følge av uro ute i Europa. Ett av problemene her i landet var åssen vi kunne klare å dekke det økende brennelsbehovet. Situasjonen tok til å bli skremmende og var årsak til uro og angst. Ikke minst til oppvarming av alle skolestuene i Øyer og Tretten gikk det med store mengder brensel. Tilgangen av ved var nå blitt knappere samtidig med at de gamle lagre minket farlig fort.

Åssen bygda best kunne sikres godt brensel framover, var derfor tanker som gnog. Sjøl om landet vårt hadde avtale om å få engelsk kull som vederlag for tjenester den norske flåten gjorde ute, ble vi likevel avhengige av andre. Innførsel var nå engang innførsel og ikke alltid det beste, aller minst i ufredstider. Trangen til å klare seg sjøl lå dessuten sterk i Øyer-folket.

## Ideen

Under slike forhold omtrent og midtvegs i enda en sprengkald vinter, var herredsstyret på ny samla i salen. Noen med sår frost i sinn av kaldgufs ute i Europa. Andre hutra av kulde på kroppen, mens kvikksølvet stadig krympa og kraup.

Da var det at tanken fikk ord: «Åffer keinn vi inte brenne torv da, ordfører? Sett om kommunen sjøl kunne tilvirke brenntorv? Fabrikkmessig og i stor målestokk! Omskape langtidslagra plantetrevler frå myrene våre til fullverdig brensel! Gjøre oss nytte av bygdas egen store varmeresurs frå tusenårs torvdjup! Det er mye å hente der. Ett eneste mål djup, god torvmyr gir like mye varme som 400 favner god ved – kanskje mer!» Tanken var interessant – og tanken varmet faktisk. Nå slo ikke

representantene floke lenger, men løftet hodet og så på hverandre - - -

## På gang

Å tørke torv til brenne var ingen ny idé hverken her i bygda eller i landet ellers. Gamle kildeskrifter forteller at metoden var kjent og nytta i lange tider. Alt i Harald Hårfagres saga fra 800-tallet fortelles det om torvbruk – om «Torv-Einar som først lot skjære torv til ved» – som Snorre Stur-lason skriver. Det som likevel var nytt hos oss nå, var at kommunen satte i gang storproduksjon av torv.

De folkevalgte ble fort enige om at til et så stort foretak var det nødvendig med kyndig veiledning. Ingeniør Thaulow ved Norsk Myrselskap ble budsendt. Etter flere besøk og faglige vurderinger av han, fattet herredsstyret følgende vedtak: «Der velges en komité på 3 medlemmer der har i oppdrag å få myrene i Øier undersøkte.» Disse ble valgt: G. Thorud, J. J. Vedum og lensmann Huuse.

## 1917 Steinsetra velges som produksjonssted

Det var en aktiv tre-manns-komité som fikk oppgavene med det nye, store foretaket. Særlig var lensmannen sterk pådriver under oppstartingen. Komitéen ble dessuten snart forsterka ved at formennene for damp-ysteriene i begge sogn, J. Johnsgård fra Tretten og I. Jevne fra Øyer ble innvalgt samt disponent Dehs fra Gudbrandsdal kaseinfabrikk.

Årsaken til utvidelsen var neppe bare arbeidspress, men snarere taktiske grunner. For alle tre representerte bedrifter med stort brennelsforbruk. Og skulle torvproduksjonen bli storbedrift slik det syntes å ligge tilrette for nå, var det trygt å ha kon-



trakt med store forbrukere. Kanskje Norges Statsbaner snart var inne i bildet også ? En fikk prøve å rette blikket framover.

### **1918 Låneopptak**

Statens Torvlånefond var da nettopp oppretta som ny finansmulighet i tida. Fondet hadde til formål å fremme tilvirking av torv her i landet. Lånesøknaden fra Øyer på 20.000 kroner gikk svært så glatt i gjennom og ble innvilga med 10 års betalings-tid og 2,5 % rente.

Trass advarende pekefinger mot stor kommunal lånegjeld fra noen av representantene, mente likevel flertallet at dette så lovende ut. Under votering vedtok derfor herredsstyret med 19 mot 4 stemmer å gi komitéen fullmakt til «straks å ordne alt fornødent til fabrikkianlegget».

### **Torvmaskina kommer**

Med to hester forspent ble den innkjøpte kjempekverna trukket til Steinsetra. Og lass etter lass med utstyr fulgte etter på den måtelige setervegen. Transporten var både tung og krevende opp bratta. Det syntes på hestene enda de gildeste hestene i bygda var utvalgt til dette oppdraget.

Mange var møtt fram ved veggen for å beundre den uvanlige karavanen som sakte, men sikkert trakk mot høgda. Helt ved hjulsporet stod unger i rad, mens de voksne holdt seg mer på avstand og diskuterte lågmælt. De eldste bare rista oppgitt på hodet når lass etter lass drog forbi. Men oppover setermorka bar det, mens deltakerne fyltes med spenning og forventninger til det forestående tiltaket – fra lensmannen sjøl som i teten styrte med ansvar og tru, til han som bakerst i rekka leide kløvhesten som bar salkorga med konjakk til åpningsfesten.

### **Arbeidsmåten**

Torvmaskina krever utgrøfta myr, og i prinsippet likner den mye på kjøttkverna. Anlegget består av elevator, kvern og drivkraft, samt utstyr for transport av torva til tørkeplassen. Nede i sjakta er det høvelig med fire mann til å lempe torvmasse opp på samlebandet, to på hver side av bandet. De klarer et felt på fire meter i bredda i lag. Elevatoren drar så massen opp i kverna der den blir blanda og pressa før den trykkes ut gjennom et munnstykke. Pølsa som har størrelse og form som en overarm, kommer to i bredden og legger seg på ca 1 meter lange trefjører.

En mann står med kniv og kutter «torvbrød» på fjøla i 30 cm lange biter. En annen løfter de fulle brettene over i trallevogna. Den fylte vogna skyves så til tørkeplassen av et par andre. De yngste på laget legger nye fjøler under munnstykket. På tørkeplassen veltes torva forsiktig av. Så snart den får såpass tørkehinne at den tåler stabling, settes den i krakk, fire i høgde og i kryss. Seinere mures store kuver for ettertørk og lagring.

Ei dampmaskin er drivkrafta for kverna og elevatoren, samt til framtrekk av anlegget på arbeidsfeltet. Enden av en lang vaier har fått solid forankring utafør myra i arbeidsretningen. Den andre enden er festet i maskina som kavler inn og drar seg sjøl framover etter behov.

### **Klart for start**

Alt dette utstyret krever riktig stell og vedlikehold. Maskinisten på damp-ysteriet er derfor med på arbeidslaget. Han kan dette med dampkjeler. Sommeren er dessuten ei rolig tid for han når budeiene yster på setrene.

Ei kvilebrakke er satt opp bortafor myra av materialer fra Almenningssaga i Åstda-

len. Fra hytta kommer karene i følge til torvfeltet den første rette dagen. Framme ved anlegget går hver til sitt. Maskinisten har vært her en times tid nå, og det lukter brent mønje av den torvfyrte kjelen. Viseren for trykket er kommet langt alt, og straks den passerer raustreken går ei stråle av skoldheit damp til værs. Et par budeier som har stoppa for å spørre etter kalvene sine, hylar og flykter unna. Bare maskinisten er rolig. Tilfreds vrir han krana så langt den går, og akslinger tar til å surre – Øyer brenntorvfabrikk er i gang!


Hun skalv, den eldgamle myra, mens reimene auka i fart. Det var som den prøvde å komme seg fri fra det nye og ukjente. Stiv etter dreneringa maktet hun ikke å riste av

seg torvmaskina og måtte gi tapt for det nye, men hun forsto: Også hun var underlagt mennesket – og torvmaskina var mennesket.

### **Ikke liv laga**

I 1925 var bedrifta kommet i privat eie. Et andelslag som bestod av jordbrukere hadde kjøpt anlegget av kommunen på auksjon og fortsatte produksjonen. Det meste av torva ble brukt av andelshaverne til ysting på setrene.

Tross nytteverdien av det modige tiltaket, gjorde endringer i tida at torvproduksjonen på Steinsetra ikke lenger var liv laga. Etter et par års tid ble arbeidet innstilt



*Fra torvproduksjonen.*

*Disse var med: Johan Hov, Johs. Klukkerstuen, Martin Klukkerstuen, Tor Sletmoen, Ashj. Jordbakken, Peder Lysbakken, Martin Hageløkken, Olaf Bergseth, Sigm. Nordgård, Gröttan, Kr. Mæhlum, John Engen, Malvin Thompson, Edv. Brustuen, Alf Aasland, Hans Skåden, Iver Langseth og muligens flere. Anlegget hadde jevnlig besøk av skuelystne. (Til høgre på bildet).*



og anlegget solgt. Kvilebrakka ble kjøpt av hytte-interesserte naboer. Det enorme svinghjulet fikk fortsette sin oppgave i en takspånghøvel hos Jan Rybakken, mens «Gammel-Ivar» Bræin brukte dampkjelen som varmekilde i et tørkeanlegg ved Bruvoll Sag.

Det aller meste av de mange tusen favner verdifulle brenne som engang varmet så godt i tankene, fikk myra likevel beholde. Og har ingen tatt dem siden, så ligger de der ennå - - -

Stoffet til artikkelen er hentet fra samtaler med folk som var med, men som nå er gått bort.

Bildene er utlånt av Johanne Hov.

*Brit Ida Berg Hansen:*

## *Den første traktoren på Hauga*

*Haugen er en liten gard øverst i Lisgrenda. I 1910 kom Ida og Otto Berg dit. Otto var fra Oppistugun Berg i Musdal og Ida fra øvre Bjørnstad. De fikk etterhvert sju barn, men bare to av dem er det fortalt om her: Aksel f. 1910 og Kristian f. 1912.*

Alt i ung alder var Haugakaran', Aksel og Kristian Berg, svært opptatt av teknikk. Å skaffe seg en utdannelse den veien var ikke å tenke på, men en kunne alltid eksperimentere med mye og mangt likevel. Og det ble gjort – ofte til de voksnes store forferdelse – og noen ganger sinne. Det er det mange historier om.

Drømmen om framkomstmiddel med motor ble først realisert da Aksel, som en av de første i Øyer, fikk seg en motorsykel. Med denne tok han og Kristian turer, – f.eks. til Tretten – der søsteren Inga bod-

de. På en slik tur fikk de øye på en bil som var havnet på ei røys. Det var hos Sigurd Skyberg i Musdal. Han hadde kjøpt seg en ny, og hadde kassert den gamle «Oakland»en. Dette var omkring 1930, trolig noen år før.

Spente labbet Aksel og Kristian inn hos Sigurd Skyberg og våget seg frampå: kunne bilen være til salgs? – Joda, det skulle bli ei råd med det, og så byttet bilen eier for den nette sum av 25 kroner. Starte bilen klarte de ikke, men Skyberg var snill, han, og tauet bilen gratis og franko til Kor-



*Utsyn fra Hauga sørover dalen.*


sen nedenfor Neremo. Videre opp bakkene, kom den ikke. Så måtte de ta andre hestekrefter til hjelp – to blakke hester som kompisen, Bent Nordby, kom med. Disse drog bilen oppover i Lisgrenda. Nyveien var ikke bygd ennå. Kristian husker at de kjørte over tunet både i Oppistuen Li og på Oppigard Li. Det var tungt og bratt i bakkene, men de kom da opp til Lissveen til slutt. Derfra var det gangvei gjennom skogen, og herfra trillet bilen flott nedover til Haugen. Det var noen stolte bileiere som da kom hjem!

Det tok ikke lang tid før de fikk start på bilen og kunne ta en prøvetur. Denne gikk nedpå jordet. Ida – mor deres – var livende redd; hun fryktet det skulle ta avgårde ned i dalen eller utover mot bygda. Men bra gikk det, og så begynte de å pønske ut hva de kunne bruke bilen til.

### Allsidig bruk

Tresking var av de oppgavene guttene ikke var glade i. De måtte dra treskemaskinen med sveiv, mens Otto la kornbandene inni. Arbeidet var tungt, og dessuten var de som sveivet aldri helt enige med han som la inni om hvor fort og hvordan dette skulle gjøres. Med bilen så de nå en mulighet for fredligere og lettere tilstander.

De tok da av et bakhjul på bilen og rigget til ei reim derfra og til treskemaskinen. Da bilen ble startet, var motordreven treskemaskin et faktum. Otto tok oppstilling og skulle legge i. Forskjellen fra manuell operasjon hadde imidlertid ikke gått opp for ham ennå, og han begynte som han før hadde gjort. Skal si han fikk merke forskjellen! Før han riktig forstod hva som skjedde, for kornbandet tvers gjennom maskina, over låven og rett i veggen så spruten stod. Det han likevel fikk rikelig



*Kristian Berg  
med sin  
hjemmelagede  
traktor.*

tid til å oppfatte, var to karer som gapskratta så de stod krokete. Alle tre fant imidlertid ut av det, og siden var treskinga bare morsomt arbeid. Senere ble bilen også brukt i forbindelse med en vinsj som de rigget til, og så var det stort sett slutt på den tida da en bar og drog høytappene opp fra jordet.

### **Bil blir traktor**

Det gikk noen år før de fant på å bygge bilen om til traktor. Ombyggingen foregikk i skålen, og det var stort sett Kristian som stod for den, for Aksel hadde jobb borte. Riktige bakhjul var ikke så lette å få til, men det skulle være mulig ved å sette sammen treklosser. Etter endel snekring, spikring og skruing var hjulene på plass; de liknet dagens hjul, men var en god del mindre, og hadde et mønster av tre der det

nå er gummi. Traktoren ble malt gul, høytidlig døpt Brumbasse og satt inn i pløying og møkk-kjøring. Det siste var også et arbeid som karene ikke hadde stor sans for, men nå ble det bent fram artig å kjøre møkk!

Traktoren var i bruk noen år. Kari, kona til Aksel, var ikke alltid så begeistret for den; hun syntes «leketøyet» stundom tok for mye tid og oppmerksomhet i forhold til produktiviteten. Like før krigen fikk Aksel tak i en polsk hest som de hadde en stund. Da var traktorens dager talte, og den havnet på ei røys. Deler av den ble etter hvert brukt til andre ting, men bakhjulene og motordekslet lå der til midt på 50-tallet. Da kom en på at den skulle ha vært tatt vare på, men – det var for sent. I dag eksisterer traktoren bare som et utydelig fotografi på et gulnet utklipp fra Aftenposten.

# Barndom minnes

Anita Smestad:

## *Fra Øyer prestegård i 1930-åra*

*Min mor, Ingrid Segerstråle og far Thorolf Basberg, var prestefolk i Øyer fra 1929 til 1946. Ingen av dem var opprinnelig vant til landsens forhold. Mor vokste opp i en liten by, Borgå i Finland og far i Oslo. Begge ble sterkt knyttet til Øyer hvor familien som bestod av mor, far og to jenter, opplevde «de harde tredeåra» og den enda hardere krigstida. Brev sendt fra min mor til Finland og egne dagbøker i barneåra, danner grunnlaget for denne artikkelen.*

En vinterdag i 1929 kom to småjenter med toget til Øyer stasjon. Den eldste fem og den yngste tre år. Mor og far var kommet tidligere for å ordne alt i huset mens vi var «satt bort» til slektninger. Hest og sluffe ventet, og vi ble kjørt opp «Krøplingen» til vårt nye hjem. Vi skulle oppleve en tid som i dag virker temmelig fjern.

*Foran fra v.: Gunhild Holen, Eli Stende Lagethon og artikkelforfatteren.*

vi til foreningsdrift, slo vi oss sammen og stiftet en klubb. Sammen med Gunhild og Oddveig, mine nærmeste venninner i de første skoleåra, ble «Kattepatruljen» stiftet. Vi arrangerte ukentlige møter hos hverandre med håndarbeid, servering og protokoll – så lenge vi orket. Siden gikk vi inn for andre aktiviteter. Skolen var et naturlig samlingspunkt for alle som bodde i kretsen. Jeg hadde mange gode venner oppover i oppveksten, og mange som jeg fortsatt har kontakt med. Det er alltid stas når jeg kan møte opp i Musdal sanitetsforenings sommermøte og møte gode, gamle kjente – med de samme minner og samme bakgrunn.

I det hele tror jeg at mamma og pappa var lærerpar i Musdal på en tid da læreren både hadde et kall og status i sin lærergjering, og de representerte en kulturkilde i skolekretsen som de fleste satte pris på.

På samme måte hadde vi et godt sam-

hold i familien – et samhold vi fortsatt har stor glede av.

### **Videre skolegang**

Etter folkeskolen på Dulven, begynte jeg som 14-åring på realskolen på Lillehammer høyere almenskole. Hver dag dro jeg til skolebussen på Tretten pr. rattkjelke, sykkel eller spark og derfra med bussen tur/retur Lillehammer. Jeg tror nok både melkebilsjåføren på Musdalsruta og jeg hadde samme respekt for å møtes på hålka i hårnålsvingene i vintermørke morgenstunder. Etter realskole og gymnas – i alt 6 år på Lillehammer, bestemte jeg meg for å følge i mine foreldres fotspor – og begynte på Kristiansand Lærerskole høsten 1960, på den første 3-årige forsøkslinje med heimkunnskap. Senere tok jeg særutdanning som lærer og veileder for blinde og svaksynte, og dette har siden vært mitt arbeidsfelt.

# Emner av ulikt innhold

Cato Belsvik:

## *Fra arbeiderbevegelsen i Øyer og Tretten*

*Dannelsen av Hunder og Tretten Arbeiderkvinnelag,  
og kommunevalgene i 1945 og 1947*

### **Situasjonen i 1945**

I 1945 var en rekke lag og foreninger i Øyer tilslutta Øyer Arbeiderparti. Et fellesnavn for disse lagene og foreningene var «avdelinger».

Blant disse avdelingene var Øyer Arbeiderpartiforening, dannet i 1932, Hunder Arbeiderlag, dannet i 1936 og Tretten Arbeiderlag som ble dannet i 1928. Forløperen for Tretten Arbeiderlag, eller Tretten Arbeiderpartis forening som laget også kaltes, hadde vært Tretten Arbeiderforening som var blitt dannet i 1918. I Øyer var det imidlertid ikke organisert noen egne kvinnelag tilslutta Arbeiderpartiet før 1945. Dette ønsket man å gjøre noe med.

I Det norske Arbeiderparti eksisterte det på denne tida retningslinjer for hvordan lover og virksomhet i kvinnelag som var tilslutta partiet skulle være. Disse lovene og retningslinjene ble administrert av kvinnesekretariatet i Det norske Arbeiderparti. Man ønsket altså på sentralt hold i partiet å bidra til organiseringen av lokale arbeiderkvinnelag. Og man var klar over hvilke muligheter dette ga for partiets politiske virksomhet.

Om ikke før, så var det i hvert fall nå i

1945, et ønske blant partimedlemmer i Øyer om å danne egne arbeiderkvinnelag som skulle være tilslutta Arbeiderpartiet.

### **Lagene dannes**

Søndag den andre september var det samlet elleve kvinner på Skogstad hos Borg-hild og Osvald Løken, med det formål å danne et arbeiderkvinnelag i Sørbygda. På dette møtet ble det enstemmig vedtatt å danne et selvstendig arbeiderkvinnelag – det første i Øyer kommune. Det ble bestemt at laget skulle hete «Hunder Arbeiderkvinnelag».

Det er uvisst om dette ga inspirasjon til andre arbeiderkvinner i Øyer, men det er tydelig at også andre ønsket å danne et slikt lag.

På et medlemsmøte i Tretten Arbeiderlag i Bjørkholt den trettiende september samme år, meddelte nestformann Kristian Hagen at det var interesse for å danne en kvinnegruppe som ble tilmeldt partiet. Det ble vedtatt å avholde et medlemsmøte, hvor de interesserte kvinnene skulle møte.

Den andre november 1945 var det styremøte i Tretten Arbeiderlag. På dette møtet ble det blant annet drøfta å forsøke å danne

et arbeiderkvinnelag i bygda. Det ble vedtatt å innkalle arbeiderkvinnene til medlemsmøte i Tretten Arbeiderlag den ellefte november.

På dette møtet møtte en del kvinner som ønsket å være tilslutta partiet, inntil de fikk anledning til å danne egen kvinnegruppe. De framførte kvinnene ble pålagt å få med flere kvinner. Alle mannlige medlemmer skulle også arbeide for samme formål.

Den tredje mars 1946 var det klart for dannelsen av det andre arbeiderkvinnelaget i Øyer kommune. Denne dagen holdt atten interesserte kvinner møte på Bjørkholt, for å danne et arbeiderkvinnelag på Tretten. Betydningen av å ha et arbeiderkvinnelag i bygda ble framhevet, og alle var enige i at et lag måtte dannes. Laget fikk navnet «Tretten Arbeiderkvinnelag».

Det var altså stor organisatorisk og partipolitisk virksomhet i Øyer høsten 1945 og våren 1946. Det ble dannet to arbeiderkvinnelag, som skulle være tilslutta Øyer Arbeiderparti. I det følgende skal vi se litt nærmere på hvordan disse kvinnelagene var organisert, og hvilke oppgaver de hadde.

### **Hunder Arbeiderkvinnelag**

På dannelsesmøtet for Hunder Arbeiderkvinnelag ble det vedtatt lover for laget i samsvar med retningslinjene for kvinnelag i Det norske Arbeiderpartis kvinnesekretariat. I disse lovene får vi nærmere kunnskap om hva som skulle være lagets formål og oppgaver, og om organisatorisk virksomhet og politisk tilknytning.

Disse lovene kan deles inn i tre grupper ut ifra deres innhold.

Den første gruppen kan vi kalle den organisatoriske. Den ga regler for lagets møtevirksomhet, og for styrets oppgaver og sammensetning.

Det var styrets oppgave å bestemme når og hvor ofte laget skulle holde møter. Års-

møtet skulle holdes i januar med fjorten dagers varsel. Da skulle årsberetning og regnskap refereres, og valg foretas. Endring av lagets lover kunne bare skje på årsmøtet.

Det ble også vedtatt lover for de enkelte styremedlemmenes virksomhet.

Formannen skulle lede styre- og lagsmøtene. Kassereren skulle inkassere kontingenten og føre regnskapene. Kontingenten ble satt til to kroner året. Sekretæren skulle føre protokoll over forhandlingene på styremøtene og lagsmøtene.

Det ble foretatt valg på styre. Borghild Løken ble valgt til formann, Kristine Ophus ble kasserer, og Ingeborg Løken ble sekretær. Til styremedlemmer ble valgt Sina Sagen og Astrid Høyby. Det ble også valgt tre varamenn; Magda Høglie, Signe Løken og Svanhild Hagebakken. Dertil ble det valgt to revisorer, Elfrida Sagen og Kirsten Løken med varamann Aasta Sletten.

### **Tretten Arbeiderkvinnelag**

Før vi går videre og ser på den andre gruppen av lover som ble vedtatt på dannelsesmøtet for Hunder Arbeiderkvinnelag, skal vi se nærmere på noe av den første virksomheten til Tretten Arbeiderkvinnelag.

Også på dannelsesmøtet for Tretten Arbeiderkvinnelag ble det valgt et styre. Det fikk denne sammensetningen: Martha Klævahaugen ble formann, Anette Kristiansen ble sekretær, Alma Kråbøl ble kasserer, Kristine Strikkert ble nestformann og Lina Øverli ble styremedlem.

Varamenn til styret ble Borghild Olsen, Agnes Galtrud og Anna Hagen. Til revisorer for laget ble valgt Kristian Hagen og Aksel Rønning.

Det ble ikke vedtatt tilsvarende lover på dannelsesmøtet for Tretten Arbeiderkvinnelag som på dannelsesmøtet for Hunder Arbeiderkvinnelag i Sørbygda året før.



*Martha Klævahaugen, f. Stensrud i 1905. Hun var fra Ringsaker og kom til Tretten som husholderske. I 1926 giftet hun seg med Johan Klævahaugen. Ved siden av sin husmorgjering var hun ekstrahjelp på gardene med bl.a. flatbrødbaking. Hun døde i 1986.*

Det ble derimot på et styremøte den sjettemars 1947 beslutta å forelegge seks lover for et medlemsmøte i laget. Dette var organisatoriske lover for lagets møtevirkosomhet og for valg til styret.

På et medlemsmøte den samme dagen ble lovene enstemmig vedtatt. Disse lovene bestemte følgende: Medlemmene måtte stå i laget i tre måneder for å være valgbar til styret. Ingen kunne nekte å være med i styret uten gyldig grunn. Årsmøtet skulle holdes i januar, og det skulle være valg på alle styremedlemmene hvert år. Gjenvalg var tillatt, men styremedlemmene kunne nekte gjenvalg. Medlemsmøtene skulle normalt holdes første torsdag i måneden.

### **Medlemsutviklingen**

Den andre gruppen av lover som ble vedtatt på dannelsesmøtet for Hunder Arbeiderkvinnelag, ga bestemmelser om det vi

kan kalle medlemspolitikk. Disse fordelte seg på to hovedoppgaver.

Det var for det første en viktig oppgave å verve nye medlemmer til laget. Dette skulle blant annet skje gjennom agitasjonsmøter og fester. Når det gjaldt denne virksomheten sto laget i direkte kontakt med kvinnesekretariatet i Det norske Arbeiderparti.

Medlemsantallet vokste ganske sterkt den første tida etter dannelsen. På det første møtet den tjuende september ble det tegnet tre nye medlemmer, og på et møte den tiende januar 1946 ble fire nye medlemmer innskrevet. Ved årsskiftet 1946–1947 var det tjuen medlemmer, altså nesten en fordobling i løpet av et drøyt år.

Medlemsutviklingen i Tretten Arbeiderkvinnelag må også sies å ha vært god. Atten kvinner hadde vært med på å danne laget i mars 1946. Ved årets slutt var antallet medlemmer øket til tjuetre, og ett år senere var det tjueni medlemmer i Tretten Arbeiderkvinnelag.

Den andre hovedoppgaven for Hunder Arbeiderkvinnelag når det gjaldt medlemspolitikken, var at man skulle «dyktiggjøre» medlemmene til deltakelse i parti- og kvinnearbeidet. Dette skulle skje gjennom foredrag, forelesninger og studiarbeid. Det var en viktig oppgave for laget å drøfte og diskutere spørsmål og saker som angikk kvinner.

Men det går også fram av lovene at kvinnelaget skulle delta i partiarbeidet. Laget skulle behandle og avgjøre saker som ble sendt fra herredspartiet, fylkespartiet eller krets partiets kvinnevalg, eller fra kvinnesekretariatet i Det norske Arbeiderparti. Laget skulle også uttale seg om, eller avgjøre saker som ble sendt fra herredspartiet. Dermed kommer vi inn på den tredje gruppen som man kan dele lovene for laget inn i; nemlig den som handler om politisk tilknytning og politisk arbeid.

## Den politiske virksomheten

Denne gruppen fastslo at kvinnelaget var en del av bygdas arbeiderparti. Det var i praksis blant annet ordnet slik, at laget hadde en representant i Øyer Arbeiderpartis representantskap. Hunder Arbeiderkvinnelag skulle altså være politisk aktivt, og laget skulle være en del av arbeiderbevegelsen i Øyer og Norge. Laget skulle være knytta opp mot den politiske virksomheten i bygda, og være en del av denne. Men arbeiderkvinnene skulle mobiliseres for Arbeiderpartiet, og ikke Radikale Folkeparti.

At den partipolitiske tilknytningen var viktig går også fram av referatet fra dannelsesmøtet på Skogstad. Det heter der at dannelsen av laget skjedde etter forarbeid av en del interesserte partifeller. Den politiske betydningen ser vi også ved at for-

mannen i Øyer Arbeiderparti, Elias Gjørva, var delaktig i dannelsen av laget. Det var blant annet han som ledet dannelsesmøtet. Elias Gjørva ledet også et felles møte for Sørbygdas Arbeiderlag og Hunder Arbeiderkvinnelag i oktober samme år. Her rettet han en appell til møtedeltakerne om godt frammøte på valgdagen.

Selv om det ikke ble vedtatt tilsvarende lover om partipolitisk tilknytning og aktivt politisk arbeide på dannelsesmøtet for Tretten Arbeiderkvinnelag, er det klart at disse nevnte politiske forhold spilte en like viktig rolle også for dette arbeiderkvinnelaget. Det går fram i referatet fra dannelsesmøtet på Bjørkholt. Formannen i Øyer Arbeiderparti, som nå var Kristian Hagen, hadde arbeidet en tid med forberedelser til dannelsen av dette laget. Kristian Hagen var også møteleder på Bjørkholt denne



*Bjørkholt.*



*Martha Barsten ble født i Oslo i 1904, men var senere bosatt i Romsdal og på Otta. I 1927 giftet hun seg med Einar Holland. I årene 1940–1947 bodde familien på Hunder, hvor Einar var stasjonsmester. I 1947 kjøpte de en liten gard i Romsdal, hvor Martha Holland bor i dag.*

dagen i mars. På et medlemsmøte på Bjørkholt den fjerde april 1946 ble det vedtatt at Tretten Arbeiderkvinnelag skulle tilsluttes Øyer Arbeiderparti.

### **Kommunevalgene i 1945 og 1947**

Arbeiderkvinnelagenes partipolitiske betydning går blant annet fram av noe formannen i Øyer Arbeiderparti, Kristian Hagen, sa i sin appell til Tretten Arbeiderkvinnelags medlemmer på dannelsesmøtet på Bjørkholt. Han appellerte da til lagets medlemmer om å gå aktivt inn for Arbeiderbevegelsen, slik at Arbeiderpartiet ved kommunevalget i 1947 kunne få flertall.

Arbeiderkvinnelagene på Hunder og

Tretten skulle altså delta aktivt i partipolitisk virksomhet for Arbeiderpartiet. Hvilken betydning fikk dette arbeidet for kommunevalgene i Øyer i 1945 og 1947?

På et felles møte med Hunder Arbeiderkvinnelag og Sørbygdas Arbeiderlag i oktober 1945, ble det valgt en valgkomité med to medlemmer fra hvert av de to lagene. Valgkomitéen la på det samme møtet fram forslag til kandidater til kommunelisten. På denne lista var det flere medlemmer fra Hunder Arbeiderkvinnelag.

Arbeiderpartiet fikk ved kommunevalget i Øyer i 1945 valgt inn fem representanter til kommunestyret fra hovedsoknet. Før valget hadde de bare hatt fire representanter i kommunestyret fra denne delen av Øyer kommune. En av de fem representantene som ble valgt inn var Martha Holland fra Hunder Arbeiderkvinnelag. Fra Tretten sokn fikk Arbeiderpartiet fem representanter ved valget i 1945. Det var det samme antallet som de hadde før valget.

Ved kommunevalget i 1947 beholdt Arbeiderpartiet sine fem representanter i Øyer hovedsokn. Men fra Tretten fikk Arbeiderpartiet nå valgt inn seks representanter til kommunestyret. På et medlemsmøte i Tretten Arbeiderkvinnelag i begynnelsen av september 1947, hadde det blitt valgt tre kandidater fra kvinnelaget til kommunevalglista. Alma Rybakken fra Tretten Arbeiderkvinnelag ble valgt inn i kommunestyret, og formannen i laget, Ragna Elvestad, ble varamann. Det var første gang i Trettens historie at det var blitt valgt inn en arbeiderkvinne i herredsstyret.

Øyer Arbeiderparti hadde hatt et ønske om å få flertall ved kommunevalgene i 1945 og 1947. Dette lyktes imidlertid ikke. I 1945 fikk Øyer Arbeiderparti ti representanter i kommunestyret, men Bondepartiet og Radikale Folkeparti fikk til sammen fjorten representanter. I 1947 fikk Arbeiderpartiet





*Alma Petronelle Rybakken, f. Hagen på Tretten i 1898. Hun giftet seg med Theodor Rybakken som var telegrafist ved jernbanen, og de bodde på Bergens-kanten. Hun ble enke etter ett års ekteskap og flyttet da tilbake til Tretten der hun stelte for faren, og hun hjalp til i selskaper og ved større husarbeid. Hun døde i 1977.*

elleve representanter, mot tretten representanter til sammen for de andre partiene.

Arbeiderpartiet hadde likevel en framgang ved disse valgene. I 1945 fikk de en representant mer enn de hadde før valget, og i 1947 vant de ytterligere en representant. Og arbeiderkvinnelagene i Øyer må sies å ha vært delaktige i denne framgangen. Vi vet ikke om innsatsen til arbeiderkvinnelagene var avgjørende, men den var i hvert fall med på å bidra til de gode valgresultatene for Arbeiderpartiet.

Ved valget i 1945 vant Arbeiderpartiet en representant fra hovedsoknet, og i 1947 en representant fra Tretten sokn. Denne framgangen skjedde altså etter at arbeiderkvinnelagene hadde blitt dannet i henholdsvis Sørbygda/Hunder og på Tretten.

Nedenfor følger en tabell som viser det antall representanter de forskjellige partiene fikk ved kommunevalgene i Øyer i 1945 og 1947. Tabellen illustrerer også hvor mange representanter Arbeiderpartiet manglet for å få flertall i kommunestyret. Tallet i parentes viser hvor mange representanter partiene fikk ved forrige valg.

	1945			1947		
	Arbeiderpartiet	Bondepartiet	Radikale Folkeparti	Arbeiderpartiet	Bondepartiet	Radikale Folkeparti
<b>Øyer</b>	5 (4)	4 (5)	3 (3)	5 (5)	5 (4)	2 (3)
<b>Tretten</b>	5 (5)	5 (6)	2 (1)	6 (5)	5 (5)	1 (2)
<b>Til sammen</b>	10 (9)	9 (11)	5 (4)	11 (10)	10 (9)	3 (5)

Som tidligere nevnt eksisterte det på denne tida formelle retningslinjer for organisering og virksomhet for arbeiderkvinnelaga i Det norske Arbeiderpartis kvinnesekretariat. Det betyr at det eksisterte et visst «kraftsenter» for denne virksomheten. Arbeiderpartiets lokallag, slik som Øyer Arbeiderparti, fikk på denne måten drahjelp og veiledning fra sentralt hold i sitt partipolitiske arbeide for å organisere og aktivisere arbeiderkvinnene i kommunen til arbeide for partiet.

Men den interessen og innsatsen som ble vist blant arbeiderkvinner og partimedlemmer i Øyer var minst like viktig. Og arbeiderkvinnelagene var med på å bidra til Arbeiderpartiets framgang i Øyer ved kommunevalgene i 1945 og 1947.



*Styret i Hunder Arbeiderkvinnelag.*

*Foran fra venstre: Anna Nordby, Mary Trætengen og Ingeborg Løken.  
Bak fra venstre: Elsa Larsen, Elfrida Sagen og Aslaug Løken.  
Bildet er frå 20-årsjubileet i 1965.*

Ola T. Rybakken:

## *Glotten i baklia, og folket som budde der*

*Eit småbruk i Baklia i Øyer heiter Glotten – eller Evenrud. Namnet Glotten har vore mest brukt, både i skrift og tale – eit originalt og godt namn. Evenrud har vore meir eit papirnamn, men og eit minne om han Even, han som rydda plassen – Even sin rudning.*

*I førre hundreåret vart det mange små heimar på vestsida av elva. Dei aller fleste er borte for lenge sidan. Glotten var så langt frå den minste. Småbruket hadde ikkje berre jord, men både skog og seter. I folketeljinga for 1865 står det at Glotten hadde vinterfor til 4 kyr, 4 sauer og 4 geiter. Og om våren sådde dei ei tynne bygg og sette to tynner poteter.*



*Glotten i Øyer – bilde frå 1950-åra.*

## Litt om rudningsmannen, Even, og slekta hans

Even var fødd i Kramprudstugun i 1774. Foreldra hans heitte Torstein Bjørnson og Anne Pedersdotter. Bestefaren på farsida var den kjende kunsthandverkaren, akantusmeisteren, snikkaren og tømmermannen, Bjørn Bjørnson, frå Nordigard Olstad. Det var han som skar all den vakre og kraftfulle treskurden i kyrkjene både i Øyer og Tretten da dei vart bygde i 1720-åra.

Alt i ungdommen tok Even til å byggje sin eigen heim i Baklia, like sør for Vika. Her brøytt han seg «rydning i svarteste skog, plass til en stue og muld til en plog», som det heiter i songen. At han sette i gang akkurat der, meinte eg var fordi han var i slekt med folket i Viken. Men det synte seg at han hadde andre røter.

Kjærasten hans Even heitte Mari Pedersdotter. Ho vart fødd i Steinstugun i 1786. Det har vore fortalt at den tida han Even dreiv med nybrottsarbeid i Baklia, var ho Mari i teneste i Sørbygda. Derifrå kunne ho følge godt med i det arbeidet han Even dreiv på med på andre sida av elva. «Nå glotte det ti' hos 'om Even, au», sa ho Mari. Ho brukte nok dette ordet «glotte» både titt og ofte, og etter det fekk plassen namnet sitt – Glotten.

Mari og Even gifta seg i 1806. Dei fekk fem born, fire jenter og ein gut. Den første av borna, ei jente som heitte Anne, vart fødd i 1812 i Måkrudstugun. Det kan tyde på at dei enda ikkje hadde flytt til Glotten. Alle dei andre borna er fødde «ved Vigen» som det står i kyrkjeboka – altså i Glotten. Sonen Peder, som med tida kom til å ta over bruket, vart fødd i 1821. I daglegtalen heitte han Pær – «Pær Glotta». Eg hugsar bestemor mi nemnde han fleire gonger. Per var gift med Mari Torgersdotter Rybakken i 1854.

Per Glotten var smed – eit yrke han dreiv

trutt og jamnt attåt arbeidet på det vesle bruket. Mari og Per fekk tre born: Matea, Johanne og Even. Det var vanskeleg å finne livberging for alle i heimbygda den tida, så alle tre reiste ut. Johanne reiste først. Ho tok seg teneste i Kristiania i 1878, 20 år gammal. Seinare reiste ho til Amerika. Eit par år etterpå reiste han Even. Han også reiste først til Kristiania og deretter til Amerika, men kom aldri att. I gamle papir heiter det at «han udvandrede til Amerika i sit 18de aar, og man har intet hørt fra ham». Den siste som drog heimanfrå var Matea. Ho flytte til Gausdal i 1880, og vart gift der med Anton Finsveen. Så vidt eg veit budde dei på Staumshagen i Follebu.

## Johanne tok over Glotten – og vart der

Den einaste av dei tre som kom attende til Øyer og Glotten, var Johanne. Som alt nemnt reiste ho til Amerika. Der vart ho gift med ein som heitte Johan Olsen Elton. Dei fekk ei dotter, Marie, men ekteskapet vart ikkje så bra, ser det ut til. Ektemannen vart borte utan å gje livsteikn frå seg – kanskje da eller seinare. Johanne og dottera sat att åleine, utan forsørgjar. Ho fann ingen annan utveg – dei måtte dra heimatt til gamlelandet, Øyer og Glotten. Der tok ho seinare over etter foreldra.

Frå 1890 og utover vart det liv og røre i Øyer. Jernbaneanlegget gjorde omvelte på så mangt. Det kom mange anleggsfolk til bygda. Dei måtte ha husvære, og sjølv sagt helst så nære arbeidsplassen som mogleg. I Baklia var det «slusk» på mest kvar einaste plass. Og det vart knyta nye band millom folk. Johanne Glotten – eller Elton som ho heitte da, vart kjent med ein av anleggsfolk. Halvard Veiseth heitte han og var frå Stjørdal. Dei vart så godt kjende at dei ville gå inn i «den hellige ektestand». Men det var ikkje så enkelt for Johanne. Ho var gift, men ektemannen var borte i Amerika,

og dei var ikkje lovleg skilde. Ho måtte søkje kongen om å få gifte seg på ny. Og det fekk ho. Med kongen sitt segl og kong Oscar 2. si underskrift, kunne Halvard og Johanne gifte seg i 1894. Ekteskapet vart barnlaust, men dei fekk leva saman i Glotten i bortimot 50 år.

### Kokke på Aulestad

I 1920- og 30-åra var Johanne ofte innom heime på Rybakken. Ho og bestemor mi var syskenbarn og hadde samme namn. Eg var berre ein gutunge, men «små gryter har også øyrer». Eg lydde på det dei tala om. Sjølv om det meste har gått i gløymeboka, heng eitt og anna att ennå, slik som dette:

Ho Johanne hadde vore kokke på Aule-

stad ei tid. Om det var før eller etter ho var i Amerika, veit eg ikkje. Men det var medan Bjørnstjerne Bjørnson var på toppen av si makt som diktar og åndshovding. Det var mye arbeid som skulle gjerast på garden til kvar tid – ikkje minst på kjøkenet, og truleg mest når Bjørnson sjølv var heime. Da kom det ofte mye gjester til Aulestad. Mange kom langvegsfrå, og dei kunne gje seg til i dagevis. Ein gong hadde diktarhovdingen gløymt å melde frå om at det skulle komme gjester til gards. Tidleg om morgonen kom Bjørnson ned på kjøkenet for å gje beskjed. Han hadde ikkje hatt tid til å kle på seg, men kom i underbuksa. Da vart det fart i arbeidet, kan ein tenkje seg. Det måtte både slakting og baking til.



*Glotten, Øyer, skjærtorsdag 1940.*

*Frå venstre: Ola, Lisbet, Johannes, Olga Rybakken, Johanne og Hallvard Veiseth.*

*(Foto: Jan Rybakken).*

Og slikt var ikkje gjort i ei handvending. Den tida var det ikkje berre å hoppe inn i bilen og køyre til næraste matsenter.

Elles hadde Johanne mye godt å fortelja om Bjørnson. Han var godhjerta og vennleg, men kunne og bli eitrande sint – ofte berre for ein fillesak. Men det gjekk fort over. Langsint var han aldri.

### **Glott-slekta døyr ut - - -**

Dotter til Johannne, Marie Elton, døydde tidleg på 1930-talet. Ho var ugift, og budde i Glotten så lenge ho levde. Johannne gjekk bort i krigsåra. Siste gongen eg såg henne, var da ho vart køyrt i sjukekorg frå Glotten på veg til sjukehuset der ho døydde ei tid etter. Ho vart omlag 85 år. Hallvard vart mye over 90 og levde dei siste åra på gamleheimen, som den tida var på Skog i Baklia.

\* \* \*

I 1937 selde Johanne og Halvard småbruket til Kari og Kristian Furuseth. I 1963 døydde Kari. Dei hadde da budd i og drivi Glotten i meir enn 25 år. To år seinare

overlet Kristian bruket til ein slektning, presten Steinar Solbakken. Han og familien bruker nå Glotten som feriestad. Den dyrka jorda og skogen er nå unnaseld.

\* \* \*

Ein sommardag står eg ved gjerdet nedunder Glotten. Akkurat her gjekk den eldgamle kjerrevegen gjennom Baklia. I 1950-åra kom ny-vegen og tok over ferdsla.

Det er ein vakker sommardag. Sankt-hans-blomar og prestekrager pyntar sommarenga på innsida av gjerdet. Men alt er stille. Ikkje så godt som eit lite fuglepip, eller blafring i lauvtree inne på Glott-jordet, kan høyrast. Det er lenge sidan nå at han Even braut opp den første åkerflekken der oppe i jordet, og det vart tømra hus og mura fjøs. Det er lenge sidan Mari sleit med i dei lange kvardagane, med dyra, og med mat og klede til mann og born. Det er lenge sidan det steig røyk opp frå smia hans Per, og ein kunne høyre kjappe slag mot ambolten. Tankane går om så mangt der eg står attmed gjerdet.

Det er stille i Glotten nå - - -

Ola T. Rybakken:

## « – og så ein liten kaffetår »

«Bestefar skulle alltid ha så brennande heit kaffe. Men da bestemor vel hadde skjenkt opp, slo han kaffeen på skåla, blåste og bles for å få han såpass kjølna at han kunne drikkast. Eg forstod aldri meininga.» Det er mangt vaksne gjer som barn kan undrast over ...

Før i tida – og da meiner eg da eg var ein gutunge i 1920–30-åra, var det vanleg at folk kjøpte rå kaffe som dei brende sjølv. Det var minst to grunnar for å gjera det. Sjølv om all kaffe var dyr, så var likevel den rå kaffeen billigare enn den brende. Ein annan grunn var at rå kaffe kunne ein lagre lenge. Brend kaffe tapte mye av smaken etter nokre månader, sjølv om han var lagra i tett boks. Rå kaffe derimot, kunne halde seg i fleire år. Han vart til og med betre i smaken når han vart lagra ei tid.

### Heimebrenning av kaffe

Når det skulle gå heilt rett føre seg, skulle ein først vaske og tørke dei rå kaffebønnene. Så hadde ein dei i ei jerngryte over svak varme til å begynne med. Med ei tresleiv e.l. måtte ein røre heile tida, slik at kaffeen vart jamn og ikkje for mye brend. Når det leid på litt, auka ein varmen, og rørte til det knitra i bønnene og den kjende kaffelukta kom fram. Var bønnene sprø når ein beit i dei, var kaffeen ferdig. Han skulle elles ta til å «sveitte». Hadde ein da i ei teskei med sukker, ville det gje ei vernande hinne omkring bønnene, og aromaen ville halde seg betre. Somme brukte også å ha i ei lita skei smør – med same verknad. Når ein var komme så langt, var det best å lyfte av gryta og setja ho utanfor huset – det ville elles ble mye røyk inne. Men ein måtte røre til kaffeen hadde kjølna. Riktig

brend kaffe skulle ha ein vakker, halvbrun farge.

Det fanns egne kaffebrennarar til bruk over peisvarmen. (Sjå illustrasjon). Der vrikka ein berre på skaftet frå side til side. Dette erstatta røringa. Det fanns også egne kaffebrennarar til bruk på vedkomfyr. Dei hadde «kinnesleiv» på lokket som ein kunne veive og få kaffebønnene i rotasjon under brenninga.



Kaffebrenner, kopperkjel, kaffekvern, kaffegnuer og ask med «knupp».

## Kaffekverner av ymse slag

I dag har dei fleste gamle kaffekvernene tent ut. Nå står dei meire som pynteting – antikvitetar, men berre for nokre ti-år sidan var dei i dagleg bruk. Det var forresten ikkje berre kverner som vart brukte. Ein kunne også «gnu» sund kaffeen med ein kaffe-gnuar. Om dette var ei eldre type kaffekvern, skal vera usagt, men utforminga var enkel. Dei var laga av tre – ei slags tro, omlag 30 cm lange og 6–7 cm breie. Der kaffeen vart lagt nedi. Med ein rund valse, litt smalare enn troa og med handtak på kvar side – omlag som eit kjevle – «gnudde» ein sund kaffebønnene. Men som nemnt – dei fleste gammeldagse kaffegnuarar og kaffekverner er ikkje lenger i bruk. Dei vakumpakka plastposane med dato-stempla, finmale traktekaffe og grovmale kokekaffe har tatt over.

## Kaffe-erstatningar og tilsettingar

Både under den første og andre verdskrigen var det liten kaffeimport. Kaffen – som så mangt anna – måtte rasjonerast. Men det kom kaffe-erstatningar på marknaden. Dei var også rasjonerte. Kaffe-erstatning har vore brukt tidlegare også, men ikkje fordi det var lite kaffe å få kjøpt. Nei, det var meir fordi det var lite pengar å kjøpe for. Kaffeen var kostbar. I dei harde 30-åra måtte mest alle klare seg med lite pengar. Det var ein dagleg kamp for å få endane til å møtast. Også kaffebønnene måtte det sparast på. Den tida kunne kaffe vera så mangt – frå ekte kaffe og nedover med meir eller mindre kaffesmak – til utan kaffesmak i det heile. Av og til kunne det setjast likskapsteikn mellom kaffesmak og pengebok. Tunn pengebok – «tunn» kaffe. Men mange husmødrer var flinke og fann måtar å dryge kaffeen på. Mange av desse vart tekne i bruk att under den siste krigen. Dei mest vanlege skal nemnast her:

Kornkaffe. Ein brende bygg, rug eller kveite. Bygg var nok det mest vanlege før i tida, men etter som det vart dyrka meir kveite oppover på våre trakter, tok den over som kaffe-erstatning. Kornet vart rista eller brend på same måten som vanleg kaffe. Tilslutt sette ein til litt mørk sirup eller sukker og let det kjølna. Kornkaffe vart lagra i tett boks.

Løvetannrot. Rota vart reinska, vaska og skoren opp, og elles vart ho stelt som kornkaffen.

«Knupp»-kaffe. Ein laga ein stiv, ugjæra deig av rug- eller byggmjøl, trilla ut lange, tunne strimlar som ein skar opp i små bitar – omlag 1 1/2 cm lange. Så vart desse bitane steikte og rista på takke. Etterpå vart dei tørka før dei vart lagra i pose eller boks. Til slutt vart dei malne og brukte som kaffe. Eg kan hugse at bestemor steikte knupp på midten av 30-åra. Og eg har enda nokre knuppar som vart funne i ein boks, snart 60 år gamle. Men dei skal det ikkje kokast kaffe på.

Sikori. Sikori vart nok mye brukt før i tida. I «Matvisa» som er ei folkevis, heiter det:

*Om måndagsmorgon  
er det nå kaffikoppen svart,  
hei sjung falleri, hei fallerallera,  
og den er nå kokt på ein sikoriknart,  
hei sjung falleri, fallera.*

Sikori vart dyrka på god hagejord, og det var rota ein brukte. Ho vart skoren opp i 5 cm lange strimlar og tørka i omnen. Når desse strimlane skulle brukast, vart dei brende eller rista som vanleg kaffe. Sikorien vart mye brukt som tilsetting til kjøpkaffe, men ein kunne også bruke berre sikori. Sikori-«kaffen» hadde fin farge, men nokså beisk smak.



Eikenøtter. Eikenøtter har også vore brukt til kaffe-erstatning, men sjølvsagt helst på dei kantar av landet der eika er eit naturleg treslag. Ein tok av skalet og rista kjernene i turr gryte på same måten som ved kaffe-brenning. Dei vart malne og kokte som vanleg kaffe, men med stuttare koketid.

Grutvæte og klåringsskinn. Desse orda har truleg alt fått plass i glømmeboka. Grutvæte og klåringsskinn har ingenting med kaffekoking i dag å gjera. Men i gamle dagar var dei kjende nok. I tillegg til sjølve kaffekjelen var det vanleg å ha ein grutkjel. Han hadde ofte plass bakerst på komfyren eller like attmed omnen. Der vart gruten tømt etter å ha gjort nytte for seg. Gruten hadde nok alt vore med på både ei og to «attpåkokingar». Når det vart samla mye grut på kjelen, vart reint vatn fylt på og

gruten «kokt ut». Grutvæta vart brukt neste gong ein kaffekok var på gang. Den siste resten av kaffesmak var tynt ut, og nokre kaffebønner spara. Ordtaket «alle munar dreg» hadde meining den tida.

Klåringsskinn vart brukt til å klårne grumsete kaffe. Klåringsskinn var fiske-skinn, truleg av oppbløytt turrfisk. Fiske-skinnet vart klypt opp i små bitar, firkantar på 1–1 1/2 cm, tredd på ein hyssing og hengt til tørk ved peisen eller omnen. Ein eller to slike fiskeskinnbitar vart sleppte på kjelen etter at kaffen var ferdigkokt. Det gjorde underverk – kaffen vart klår. «Klår som måneskin» var det ofte sagt om «tunn» kaffe.

Kjelder:

«Gøyming og konservering av matvaror»,  
Landbruksdepartementets småskrift nr. 48 1938  
og etter eige minne.

## Verdsleg bruk av korsteiknet før i tida

*I fjor vart 1000-årsminnet om innføringa av kristendomen feira her i landet. Gjennom alle desse hundreåra har korset støtt vore det sentrale symbolet i alle kyrkjelege handlingar. Korsmerket har følgd menneska gjennom heile livet – frå vogge til grav, i glede og sorg. Sjølv sagt hadde korset sin plass i gudshuset og like eins på kyrkjegarden, men ikkje berre der.*

Ser vi litt attover i tida – eitt hundreår eller to – vil vi sjå at korsteiknet vart mye brukt i verdsleg samanheng – altså utanom kyrkja. Mellom anna vart kors ofte skore inn i trekoppar og anna ambod som hadde med mat å gjera. På gamle stabbur eller låver kan ein av og til finne korsteiknet skore eller rissa inn, på dører eller tømmerveggar.

Å teikne seg sjølv med korsteikn, er framleis mye brukt i katolsk kristenliv, også av lekfolk. Kan den verdslege bruken av korsteiknet, som her i landet har halde seg langt opp mot vår tid, vera ein arv like frå den katolske tida og overlevd fleire hundreår med luthersk kristendom?

### **Korset som vern over grøde og avdrått**

Kornet var sjølv Gudslånet. Både såing og hausting var sett på som heilage handlingar. Det var alvor og andakt da bonden strauk av seg luva, tok såen i handa og gjekk ut på åkeren. Der strødde han ut «sitt signande sæde, og jamnt det fall i den eimande jord, han sukka til Gud om signing og gror –,» skriv Anders Hovden i ein av songane sine.

Kornet var dyrebart. Ikkje eit aks måtte liggje att på åkeren, om det var dårleg avling. Kornet vart lagra på stabbur, i større eller mindre trekister – kornbøler. Både korn- og mjølbølene var solide, med lokk –

enkelte også med lås. Frå tryskegolvet vart kornet bore inn og lagra i mjølbøla på stabburet – om det ikkje fyrst måtte innom «trystua» for tørking. Frå kornbøla gjekk turen til mølla eller «kveinna», som det heitte på bygdemålet. Attende på stabburet vart skinnhitene med mjølet tømt i mjølbøla. På bølelokket kunne eit kors vera skore inn, ofte saman med førebokstavane til eigaren eller med årstal. Korsmerket var ikkje set der utan meining, får ein tru. Men var det set der som ei signing over gudslånet? Eller var det meir som eit vern mot vonde makter? Eller både – og?

Bestemor mi, Johanne, fortalde at ho som liten jentunge, hadde lært av mor si å hente grautmjøl på stabburet. Etter å ha aust opp det mjølet ein trongde, var det skikk å jamne overflata pent ut med mjølskolven. Etterpå vart det teikna eit kors i mjølet med eine hjørnet på skolven. På den måten vart det verna mot vonde makter, fortalde bestemor. Ho hadde eit lite smil om munnen da ho sa det.

Det var ikkje berre kornet som var verdfullt og gudslånt. Det var også alle husdyra og avdråtten frå dei. Reidskap og anna ambod som hadde med mjølk å gjera, fekk korsmerke skore inn, for eksempel mjølkesilar, ostekister, trakter og koppar og kar av tre. Eg hugsar at den kvite geitosten mor tok fram til jul, hadde eit fint opphøgd kors

midt på. Ostekista som hadde vore brukt, var frå tidleg på 1800-talet. Gamle smørformer kunne også ha korsmerke. «Når dei hadde kinna og stelt smøret, sette dei eit kors på det, så ikkje noko vondt fekk setja seg fast,» heiter det i eit folkeminne.

### **Korsteikn også brukt under slakting**

Ein mann frå Sunnmøre fortalde meg nyss, at han godt kunne hugse at far hans under slakting, skar eit kors i hjertet han tok ut av slaktet. Om liknande tradisjonar fortel noen lausrivne sitat etter folkeminne frå Oppland. Ein mann frå Valdres fortalde:

– Dei gamle slaktarane skar alltid eit kors i levra på den sida der galleblæra ikkje var. Når ein har lagt slaktedyret over

ende, gjorde han eit kors med knivbaken over strupen, der han skulle stikke dyret. Så sa han: «I Jesu namn!»

– Om ein annan slaktar vart det fortald omlag det same, men han nemnde ikkje korsteiknet. Med det same han lyfta øksa og skulle slå til dyret, sa han alltid «I Jesu namn».

– Til sist eit eksempel på sauslakting. «Når me skulle slakte sauer, tok slaktaren ei trestikke og gjorde eit korsteikn over strupen på dyret før avlving. Etterpå vart stikka kasta på varmen.»

Om liknande slakteritual har vore brukte her i Øyer, har eg ikkje kjennskap til, men det er ikkje utenkjeleg.

Nå var det ikkje berre under slakting at



*Korsteiknet i tru og overtru.*

det vart gjort korsteikn over dyr. Dei hadde så mange rare gjerder dei gamle, heiter det i ei nedskrivning frå Nordre Land. «Når mor skulle klyppe sauene for å få ull til joleveften, klyppte ho eit kors ut i veret framfor hovudet på sauene. Og før kua kalva, korsa ho Berte henne med tjyru både over ryggen og på juret – mellom pattane. Når så kalvinga var over, var det same gjerda. Ho Berte kom att med tjyrukoppen og gjorde korsmerke med stikka på dei same stader på kua.»

«Kors og kors» er eit kjent uttrykk frå dei gamle eventyra. Korset var med i kvar dag som i helg. «Jule-eftan skulle det finast tjyrukors over alle uthusdører. I fjøset strauk dei kors med tjyru over bolkestokken.» Men det kan sjå ut som at enkelte ikkje hadde sterk nok tru på tjyrukorset. Dei sette stål over alle dører der det var levande dyr innafor.

Gammal vane er vond å vende, veit ein.

Men kristenkorset fekk sin plass også i dagleglivet. I slitet for føda og kampen mot alle makter, vart korset til trøyst og hjelp.

Mellom mange av dei gamle bumerka kan ein finne kors i ulike former – frå det vanlege korset, gresk eller latinsk, til diagonalt kors (Andreas-korset), dobbelt kors og svastika (hakekors). Alle desse kan ein finne blant bumerka frå Øyer. (Sjå Bygdabok for Øyer 4. bandet s. 199–209)

Hadde verdsleg bruk av korsteikn med tru eller overtru å gjera? Kanskje bae delar. Kvar går grensa? Ein spøkefugl skal ha sagt det slik: Tru er det eg sjølv trur på, overtru er det andre trur på. Men Sigrid Undset sa det slik: «Ti sæd og skikk forandres meget, alt som tiderne lider og menneskenes tro forandres og de tenker anderledes om mange ting. Men menneskenes hjerter forandres aldeles intet i alle dage.»

## Historielaget har nå desse bøkene og hefta å selja:

« I gamle fotefar»	1988:	kr	40,-
« « - « -	1989:	«	40,-
« « - « -	1990:	«	60,-
« « - « -	1991:	«	75,-
« « - « -	1992:	«	75,-
« « - « -	1993:	«	75,-
« « - « -	1994:	«	90,-
« « - « -	1995:	«	90,-
« « - « -	1996:	«	100,-

i alt kr 645,- TILBOD: kr 415,-

### Kyrkjebøker for Øyer og Tretten

Kirkebok nr 1-2 (1671-1784) kr 150,-  
båe sokna

- « - «	3	(1785-1823)	«	300,-	«	«
- « - «	4	(1824-1841)	«	300,-	«	«
- « - «	5	(1842-1857)	«	300,-	«	«
- « - «	6	(1858-1874)	«	240,-	«	«
- « - «	7	(1875-1877)	«	70,-	«	«
- « - «	8	(1878-1893)	«	120,-	Øyer sokn	
- « - «	9	(1878-1893)	«	120,-	Tretten sokn	

i alt kr 1.600,- TILBOD: kr 1.250,-

Dersom det blir trykt nytt opplag av bok nr. 9, vil ho bli innbunden og får derfor ein høgare pris. Tilbudsprisen må da også bli litt høgare.

«Og ingen kom att»  
(Om nedlagte heimer i Øyer og Tretten)  
kr 120,-

Odd Bjerke:Tretten –  
afstigning paa høire Side  
(Jernbanejubileet i 1994) « 120,-

Tor Ile: Bygdasong for Øyer  
(ill. av Ola T. Rybakken) « 60,-

Desse bøkene og hefta får du kjøpt her:  
Sparebanken NOR, avd. Tretten  
Øyer Handelslag  
Lars Holmen, Prestegardsvegen 7, 2636 Øyer  
tlf: 612 78 329. Han kan også sende.





